



Statens vegvesen

Reguleringsplan for «Rv. 5 Lunde – Fjærlandstunnelen Forbikøringsfelt og kjettingplassar»


Vurdering av krav til konsekvensutgreiing

Forord

I samband med planoppstart for regulering skal det vurderast om tiltaka i planen krev konsekvensutgreiing. Dette dokumentet er ei utgreiing av dette for denne reguleringsplanen, etter kriteria i forskrift om konsekvensutredninger.

Vurderinga er utført av Statens vegvesen, som førebuing til planarbeidet.

Skildring av planområdet



Kartet viser planområde for reguleringsplan for forbikøringsfelt og kjettingplassar.

Det blir meldt oppstart av reguleringsplanarbeid for etablering av forbikøringsfelt og kjettingplassar mellom Lunde og Fjærlandstunnelen. Strekinga har stor stigning, 3 – 8 % over ei strekning på ca. 2,1 km. Tyngre køyretøy har problem med å halde god fart oppover Lundebakkane pga. den store stigninga, og blir til hinder for trafikkflyten. Dette kan føre til farlege forbikøyringar. Det er i dag ikkje forbikøyringssikt på denne strekinga. Det er difor behov for å etablere eit eige forbikøyringsfelt for å betre trafikktryggleiken og framkomsten på strekinga.

Eit forbikøyringsfelt vil betre situasjonen i Lundebakkane med tanke på framkomst. Etter risikovurdering av prosjektet, kom det fram at det også må etablerast kjettingplassar i begge

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

endar og på begge sider av vegen. Dette for at tyngre køyretøy kan køyre ut på desse og legge på/ ta av kjetting, og ikkje stopper i vegbana for og gjere dette, slik det ofte blir gjort i dag.

Forbikøyringsfeltet er tenkt avslutta i ein avstand på minimum stoppsikt frå Fjærlandstunnelen. Det er i vegnormalane satt krav til maksimal fartsdifferanse mellom lette og tunge køyretøy ved avslutning av forbikøyringsfelt. Dette kravet vil ikkje vere innfridd ved avslutning av feltet før Fjærlandstunnelen, og det er difor søkt fråvik frå dette kravet. Fråviket er godkjent av Vegdirektoratet. Det er i tillegg krav til at det ikkje skal etablerast sideanlegg nærare tunnel enn i ein avstand lik stoppsikt. For ein av kjettingplassane vil dette kravet ikkje vere innfridd, og det er søkt Vegdirektoratet og fått godkjent fråvik for plassering av kjettingplass nærmare enn stoppsikt frå tunnelen.

Desse fråvika var viktig å få godkjent for å kunne fortsette planarbeidet og melde oppstart av reguleringsplanarbeidet.

Årsdøgntrafikken (ÅDT) i 2013 var 1250 køyretøy med ein tungtrafikkdel (ÅDT-T) på 19 %. Opningsåret for prosjektet er satt til 2022. Prognoseåret er 20 år etter opningsåret, slik at det er prognose for ÅDT i år 2042 det skal planleggast etter. ÅDT₂₀₄₂ er berekna til 1600 køyretøy med ein tungtrafikkdel på 24 %.

Mål med reguleringsplanen

Reguleringsplanen skal vise område der det vil vere nødvendig å gjere inngrep for å få gjennomført tiltaket, nødvendig areal for tilkomst til anleggsområdet i byggefasen og framtidig driftsfase, og ev. behov for areal til rigg og deponi.

Vurdering av krav om konsekvensutgreiing – Aktuelle punkt i forskrifta

Vurderingane er gjort i høve til «Forskrift om konsekvensutredninger».

§ 2. Planer og tiltak som alltid skal handsamast etter forskrifta:

§ 2 første ledd bokstav f): «Reguleringsplaner som inneholder tiltak nevnt i vedlegg I.»

I vedlegg I i forskrifta går det fram at infrastrukturtiltak skal konsekvensutredast når tiltaka er motorvegar, 4-feltsvegar eller samla investeringskostnad er meir enn 500 mill. kr. Aktuelt tiltak gjeld utviding av eksisterande veg med eit forbikøyringsfelt, og kostnadsramma er under 10 mill. kr. Punkta under vedlegg I i forskrifta gjeld difor ikkje for dette tiltaket.

§ 3 Planer og tiltak som skal vurderes etter forskriften § 4:

§ 3 første ledd: «Følgende planer og tiltak skal behandles etter forskriften dersom de faller inn under ett eller flere av kriteriene i § 4:»

Aktuelt punkt frå forskrifta er gitt under:

§ 3 første ledd bokstav b): «reguleringsplaner som inneholder tiltak nevnt i vedlegg II»

Ut frå vedlegg II i forskrifta, skal tiltak i denne reguleringsplanen vurderast etter § 4.

§ 4 Kriterier for vurdering av vesentlige virkninger for miljø og samfunn

Aktuelle punkt frå forskrifta er gitt under:

§ 4 første ledd: «Planer og tiltak etter § 3 skal behandles etter forskriften dersom de

- a) *er lokalisert i eller kommer i konflikt med områder med særlig verdifulle landskap, naturmiljø, kulturminner eller kulturmiljø som er vernet eller fredet, midlertidig vernet eller fredet eller foreslått vernet eller fredet, eller hvor det finnes stor sannsynlighet for å finne automatisk fredete kulturminner som inngår i et kulturmiljø med stor tidsdybde,*
- b) *Er lokalisert eller kommer i konflikt med viktige inngrepsfrie naturområder eller utgjør en trussel mot truede naturtyper, truede arter eller deres leveområder, mot prioriterte arter eller deres funksjonsområder, mot utvalgte naturtyper, eller mot andre områder som er særlig viktige for naturens mangfold,*
- ...
- h) *medfører risiko for alvorlig ulykker, ras, skred og flom»*

Vurdering av krav om konsekvensutredning

For punkta i § 4 i forskrifta, er følgjande vurdert:

Det er registrert bygningar i SEFRAK-registeret ved Lunde turiststasjon. Tiltaket vil ikkje komme i konflikt med desse bygga.

Området er med i verneplan for vassdrag. Tiltaket skal ikkje føre til endringar i vassdraget. Vegen skal leggest lenger inn i terrenget på parti av strekninga for å unngå konflikt med elva.

Tiltaket vil kunne redusere faren for alvorlege trafikkulykker ved at det blir etablert kjettingplassar for å ta på kjetting. Dette vil føre til at færre køyretøy får problem med framkomst om vinteren i Lundebakkane og ein unngår trafikkfarlege situasjonar i samband med slike hendingar. Forbikøyringsfeltet vil gjere det mogleg å køyre forbi i eit eige felt, og ein unngår forbikøyring i motgåande køyrefelt. Forbikøyringsfeltet vil difor redusere faren for trafikkulykker i samband med forbikøyring.

Konklusjon

Statens vegvesen vurderer at tiltaka i reguleringsplan «Rv. 5 Forbikøyringsfelt og kjettingplassar Lunde – Fjærlandstunnelen» ikkje krev konsekvensutgreiing.

Leikanger, 21.11.2014